

**Søker igjen om å få byggja to buss-skur**

19.07.2008

**To velforeiningar i Uskedalen – Halsabrotet Vel og Korsnes Vel – har søkt kommunen om å få byggja buss-skur ved riksvegen.**

Halsabrotet Vel ønskjer skur nedanfor Halsane og Korsnes Vel oppfor Korsneset. Dei har tenkt å byggja skura i villmarkspanel og med torvtak. Dei sende søknad til vegvesenet i fjor, men ikkje fått noko tilbakemelding. No ber dei Ivar Kåre Døssland i kommunen om å gjera noko med saka.

Halsabrotet Vel har også søkt om å få byggja to fartsdumpar i Øvre Halsane då enkelte har høg fart forbi leikeklassen, Også denne søknaden har adresse til Ivar Kåre Døssland.

Av Ola Matti Mathisen